

Tambarskjelvar IL – fellesmøte mellom styret og gruppene – Styremøte 5_2023

Møterommet i Naustdalshallen onsdag 27.september 2023, kl. 19:00.

Frammøte frå gruppene og styret

Fotball: Bjørn-Ole Hjørnevik, Trimgruppa: Borgny H. Hatleset, Allidrett (barneidrett og idrettsskulen): Eigil Instebø, Vektløfting: Ove Varlid (Odd Gunnar Røyseth deltek under sak om lager i Naustdalshallen), Sykkel- og triatlon: Steffen Stuhaug, Ski- og orientering: Åsmund Berthelsen.

Andrè Klingenberg, Anne Sofie Berntsen, Athina A.Karipi, Pål A. Myklebust, Sigrid A. Førde, Siss-May Edvardsen

Fråver

Friidrett: Jan Magne Åsnes og Katarina S. Kleppe og Naustdal Stadion: Bjørn Hundershagen

Styret: Janne T. Nøstdal

Saker

24/2023 Lager i Naustdalshallen

Vektløftargruppa har spelt inn behov for større treningsareal og ynskjer å utnytte lageret nede i Naustdalshallen til dette (gamle vektløftarrommet). Ove orienterer om behov og ev. planar for utnytting. Styret har per no ikkje avklart ev. endra bruk med kommunen og/eller skulen.

- Har lite plass etter kvart. Kan ikkje ta inn fleire pga liten plass.
- Rommet bør brukast uansett. Utstyret er lite i bruk. Blir betre når det vert arrangert stemne. Planen er at det kan brukast til oppvarming (romskin, sykkel og eventuelt tredemølle). Vil avlaste mellom dei ulike øktene. Skulen kan bruke det, dersom dei ønskjer.
- NM for ungdom i nov-23. Rommet må ryddast slik at det er venterom.
- Utstyret kan vere tilgjengeleg for alle som trenar i vektløftarhallen
- Kan ein bruke kontoret som er i vektløftarhallen til treningsareal?
- Skulen og kommunen må svare på dette
- No er konkurranseutstyr innelåst i eit avlukke i hallen, vil eventuelt då flytte dette inn på lageret
- Ordning med stolar/bord, slik at det kan fraktast frå spesialromsfløyen. Kommunen eig hallen og skulen
- Sjå på muligheten for å bygge på hallen nordover
- Odd Gunnar og Andrè lagar ein god plan før møte med skulen

25/2023 Lager/garasje Naustdal Stadion

Instedalen skianlegg - Utviding av klubbhus og vidareutvikling av anlegget

Sjå søknad vedlagt bak i dokumentet. Styret ynskjer å drøfte søknaden med gruppene. Styret tek endeleg stilling til saka etter fellesmøtet.

- Utvide med ca 100m². Garasje/lager med utstyr.
- Kostnad på ca 1,5 mill
- Må ha finansiering på plass
- Styret tek opp dette på eit styremøte

26/2023 Treningstider

Avklare innetrening for 2.-4. klasse. Bjørn-Ole la fram saka i møtet.

Friddrett, idrettsskulen og fotballgruppa har diskutert løysing og kome til semje. Løysinga skal evaluerast etter påske i 2024.

- 1.klasse tek pause i fotballtrening frå haustferien til påske
- 2.-3.klasse kan trene annakvar veke fredag, laurdag, søndag
- 4.klasse kan trene fredag, laurdag eller søndag
- Fotballgruppa organiserer leige av hall

Orienteringssaker frå styret

Open Naustdalshall

Styret har booka Naustdalshallen annakvar fredag kl 18:00-19:30 frå etter haustferien og fram til jul. Open hall er primært tenkt som ein pilot for ungdomsskuletrinnet. Styret orienterer.

- Dette er eit tiltak for at ungdommane skal ha eit tilbod utanom organisert aktivitet.
- Kanskje kan andre ungdommar vere instruktørar/hjelpe til?
- Forslag om å ha open hall for vidaregåande trinnet og. Styret vil vurdere dette etter jul.
- Om fotballgruppa treng treningstida som styret no har booka, finn vi ei løysing.

Hallvakt

Tambarskjelvar IL har forplikta seg til å stille med hallvakter i dei tidspunkta gruppene har tinga trening i Naustdalshallen. Sigrid orienterer om ny prøveordning for kommunikasjon mellom vakter, gruppeleiarar og trenarar. Vi må også diskutere opplæring og førstehjelp.

- Eiga Facebookgruppe der hallvakter og trenarar er medlemmer. På denne måten kan ei kommunisere betre om det er treningar som vert flytta, avlyst osv. slik at hallvakta kan fristillast.

Ny nettside for Tambarskjelvar

Årsmøtet har fatta vedtak om etablering av ny nettside for Tambarskjelvar. Vookal skal lage nye sider, som er meir tenlege og lettare å oppdatere.

- Skal takast nye bilete frå dei ulike gruppene.

Klubbkveld med Sport1

Det er ynskje om å finne ein eigna dato for klubbkveld med Sport1.

- Lagar til ein kveld der medlemmene kan prøve og bestille klubbkle.
- Der vil det også bli mogleg å bytte/selje brukte kle, sko og utstyr

Sponsorarbeid

- Sparebanken må dekke kostnaden for trykka
- Styret sjekkar med banken om dei nye trykka kjem snart og kva reglar som gjeld

Styret sat att og handsama desse sakene

Styresak 27/2023

Tambar 2017-kullet søker om støtte til avslutning 2. oktober. Dei søker om 550 kr (innkjøp av pizza).

- Styret vedtok å støtte tiltaket. Kvittering og kontonummer sendast til styret@tambarskjelvar.no.

Styresak 28/2023

Søknad frå Instedalen skianlegg as.

Styret drøfta saka og er i utgangspunktet positive til å innvilge rentefritt lån. Det gjenstår ei siste avklaring rundt dette. Styret drøfta ikkje ytterlegare støtte til Instedalen skianlegg i denne omgang då dette ev. må verte ei sak til årsmøtet 2024.

Vedlegg til saka som gjeld Instedalen skianlegg

5.9.23

IL Tambarskjelvar

v/Siss-May Edvardsen

Gjeld utbetaling av støtte til utviding av klubbhus, spørsmål om rentefritt lån til dekking av mva-utgifter og ytterlegare støtte utvidinga.

1. **Utbetaling av støtte:** Instedalen skianlegg ber om å få utbetalt støtta som årsmøte vedtok 11.3.2022 på 170.000 kr slik at vi kan gå gjort grunnarbeidet, sett opp grunnur og flytta septiktank før vinteren. Støtta kan utbetalast til konto 3705.28.49986
2. **Rentefritt lån:** Vi må som privat selskap/organisasjon betale all meirverdiavgift, men kan når anlegget er ferdig og alt er godkjent søkje og få refusjon for mva- utgiftene. Vi må altså finansiere opp desse utgiftene og søkjer med det idrettslaget om inn til 430.000 kr i eit rentefritt lån som vil bli tilbakebetalt når utvidinga er gjennomført. Med erfaring frå tidlegare prosjekt der vi fekk lovnad på rentefritt lån vart det ingen problem knytt til dette. Den gongen lånte vi av Årøyane sportssenter.
3. **Ytterlegare støtte:** Som det går fram av vedlagte budsjett vantar vi endå ein del midlar før utbygginga er fullfinansiert. Vi ber om at idrettslaget vurderer ytterlegare støtte. Vi skal gå ut til diverse organisasjonar og vurderer også ei kronerulling/spleis med sikte på å få støtte frå fleire til utbygginga.

Vi ber om svar så snart som råd slik at vi kan få ferdig ein søknad om spelemidlar til kommunen til 1.oktober i år.

Med helsing

Instedalen skianlegg AS

Åsmund Berthelsen

(styreleiar)

93237073

Budsjett for utviding av klubbhuset i Instedalen skianlegg			
23.06.2023			
Kostnader			
Kostnader flg. Kostnadsoverslag		1286890	
Minus dugnad bygg		-126000	
Minus grunnarbeid, eltrrisk, røleggar		-210000	950890
MVA		405723	
Grunnarbeid		72500	
Flytte septiktank		14000	
Dugnad		-7000	
MVA		19875	
Elektrisk		21424	
MVA		5356	
Samla		1482768	
Finansiering			
Spelemidler - fast sum i høve reglane.		300000	Kommunal forskottering
Refusjon mva (får året etter ferdig)		430954	Søkje om rentefritt lån - idr.lag/
Sparebankstiftinga	(søknad)	125000	Utsett frist til 1.5.23
Tambarskjelvar	(søknad)	170000	Vedtak årsmøte 11.3.2022
Sparebanken Vest (innvilga)		35000	Utbetalt
Dugnad		133000	
Anna støtte			
		1193954	
		-288814	Behov for støtte